


20230001, planomtale til detaljreguleringsplan:

Skytebana på Kvernes



Detaljreguleringsplanen skal legge til rette for oppgradering av skytebana på Kvernes. Leirduebana og riflebana er flytta for at ein skal kunne bruke banene samtidig, og det er vist areal for utviding av klubbhuset, og betre strukturering av parkering ved anlegget.

Versjon: 15. juli 2024
REV 1, 12. september 2024

3Dsmia

Utarbeida av:	3Dsmia, Haugaslettvegen 45, 6686 Valsøybotn	v/ Åse Bergset; post@3dsmia.no 99 57 89 22
Forslagsstiller:	Kvernes skytterlag, Kvernesveien 6531 Averøy	v/ Torstein Skarset torstein@torobbygg.no 94 36 42 76

Plandokument	Dato	Rev. 1
Plankart (A1, 1:1000)	15.07.2024	
Føresegner	15.07.2024	
Planomtale (dette dokumentet)	15.07.2024	12.10.2024
Vedlegg 1: Situasjonsplan	26.06.2023	
Vedlegg 2. Sjekkliste-ROS	30.05.2023	
Vedlegg 3: Kopi av planinitiativ og referat frå oppstartsmøte		
Vedlegg 4: Kopi av oppstartvarsel og adresseliste		
Vedlegg 5: Kopi av innspel til planarbeidet		
Vedlegg 6: Plan for ombygging og støydemping av Kvernes Skytterbane, Rieber Prosjekt AS 2020		
Vedlegg 7: Utgreiing av naturfare, Aeb AS 2021		
Vedlegg 8: Forrapport for Kvernes skytterbane (Kulturminneregistrering)	25.04.2024	

INNHALD

1	Om planen og planarealet	2
1.1	Dagens situasjon i nærområdet til planen	3
1.2	Prosess og medverknad	4
1.3	Planstatus, eksisterande utgreiingar og føringar	4
1.3.1	Kommuneplanen sin arealdel	4
1.3.2	Utgreiingar i samband med tidlegare dispensasjonssøknad	5
1.3.3	Føringar frå oppstartsmøtet	6
1.3.4	Anna relevant lovverk	6
1.4	Planen sitt forhold til Forskrift om konsekvensutgreiingar	6
2	Utgreiingar og løysingar i planen	6
2.1	Konklusjonar frå tidlegare utgreiingar	6
2.2	Situasjonsplan for skytebanene, uteområda og utviding av klubbhuset	7
2.2.1	Løysing i planen og føresegnene	7
2.3	Konklusjonar frå Ros-analysen	8
2.4	Kulturminneregistreringar og omsyn til Kvernes kulturområde	8

2.4.1	Løysing i planen og føresegnene	9
2.5	Omsyn til friluftsiresser	9
2.6	Støyforhold, og omsyn til naboar.....	10
2.7	Omsyn til biotopar, vassdrag og naturverdiar	11
2.7.1	Løysing i planen og føresegnene	11
2.8	Omsyn til landbruksverdiar	12
2.9	Universell utforming.....	12
2.9.1	Løysing i planen og føresegnene	12
2.10	Trafikktryggleik, kapasitet og standard på tilkomstvegen	12
2.10.1	Løysing i planen og føresegnene	13
2.11	Teknisk infrastruktur, sløkkevatn.....	13
2.12	Estetikk.....	13
2.12.1	Løysing i planen og føresegnene	14
2.13	Fleksibilitet i planen og framtidige behov	14
2.13.1	Løysing i planen og føresegnene	14
2.14	Avgrensing av planen og eigedomar som inngår	14
2.15	Arealdisponeringar i planen.....	14
3	Verknader av planen	15
3.1	Verknadane for kulturminneverdiar.....	15
3.2	Verknader for born og unge, naboar og nærmiljøet på Kvernes.....	15
3.3	Verknader på naturmangfald og naturverdiar	15
3.3.1	Naturmangfaldlova kapittel 2, §§ 8-12	16
3.4	Verknadane for klima og miljø	16
3.5	Planen sitt forhold til innspel og føringar	16
4	Oppsummering.....	18

1 OM PLANEN OG PLANAREALET

Planen er utarbeida av 3Dsmia ved Åse Bergset, på vegne av Kvernes skytterlag.


Reguleringsplanen viser nye (/separate) skytebaner, der kvar bane har eigen standplass, slik at det kan skytast frå fleire baner på same tid. Dermed kan skytestemner avviklast på kortare tid, utan at skyttarane må bruke store delar av dagen på å vente på tur. Planen viser plass til:

- ny leirduebane
- ny elgbane /riflbane (bevegelege mål)


- utvida klubbhus for å kunne etablere innandørs bane og større klubblokale
- plass for gapahuk, leirplass, leikeplass og bål plass med tanke på friluftsansettment

1.1 DAGENS SITUASJON I NÆROMRÅDET TIL PLANEN

Skytebana ligg ved Prestsetra på Kvernes, om lag 9 km sør for kommunesenteret på Bruhagen. Frå klubbhuset er det 1-1,5 km til bustadfelt, gardsbruk og kyrkjene på Kvernes. Tilkomsten til skytebana går langs ein ca. 800 meter lang privat grusveg frå fylkesveg 6072. Skytebana har felles avkjøyrslø med Gamle Kvernes Bygdemuseum, og nord-aust for skytebana er det svært mange gravhaugar.



Figur 1 viser planområdet på Averøya



Figur 2 viser planområdet i lokalmiljøet på Kvernes

Planområdet ligg mellom 50 – 100 meter over havet, og i skogsmark. Ilvollelva renn gjennom planområdet i eit markert søkk i terrenget. Skytebanene har standplass nord om elva, og skyteretning mot lia opp mot Røsshaugen (170 m.o.h.) sør om elva. Terrenget er rydda rundt skytebanene, og lyngkledd mot blinkane, -nesten graskledd rundt standplassane. Areala rundt skytebanene har relativt tett furuskog, med nokre få graner og litt lauvskog. Ein har ikkje fri sikt mot bebyggelse, anna enn at ein skimtar kyrkja på Kvernes frå standplassen til dagens leirduebane.



Fig. 3 viser vegetasjonen på, og rundt skytebanene, med blinkane til høgre i bildet. Ein kan skimte den kvite kyrkja på Kvernes til venstre.

Fram til blinkane på eksisterande skytebaner er det etablert ein slags traktorveg, sjå fig 3. Klubbhuset ligg ved ein grusa plass, som fungerer som parkeringsplass.

Frå grusvegen til skytebana går det ein traktorveg/turveg opp mot mellom anna Molduva. Det går også ein turveg ca. 200 meter aust for skytebanene, -den gamle kyrkjevegen, som har historisk verdi.



Fig 4: Foto frå parkeringsplassen og rundt klubbhuset

1.2 PROSESS OG MEDVERKNAD

Planinitiativ (sjå vedlegg 3) vart sendt til kommunen 13. mars 2023, og oppstartmøtet var arrangert på kommunehuset i Averøy den 21.04.2023. Referat frå oppstartsmøtet er også vist i vedlegg 3.

Melding om oppstart av planarbeid var sendt ut til naboar aktuelle organisasjonar og meldingsinstansar den 26. april 2023, sjå vedlegg 4. Planarbeidet var og annonsert i Tides krav, og på Averøy kommune si heimeside. Frist for å kome med tilbakemelding til planarbeidet var sett til 26. mai 2023. Kopi av innspela inngår i vedlegg 5, og eit samandrag av innspela er presentert i kapittel 3.


1.3 PLANSTATUS, EKSISTERANDE UTGREIINGAR OG FØRINGAR

Planarealet er ikkje regulert tidlegare, og det er ikkje andre reguleringsplanar i nærområdet bortsett frå **19850006, Kvernes bustadfelt** som ligg i ein avstand på om lag 600 meter sør-aust for plangrensa.

1.3.1 KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL

Planområdet er avsett til *Bebyggelse og anlegg, skytebane* i **Kommuneplanen sin arealdel, 20150005** (heretter KPA). På figur under er KPA for området vist. SB1 (lys grønn) er eksisterande

skytebane, og SB2 (mørkare grøn) planlagt utviding. Tilkomstvegen og skogsveg fram til blinkane er vist i KPA. Så inngår planarealet også i omsynssone H570_1; *Bevaring kultur og miljø*. SB-2 grensar til omsynssone kring ei høgspenlinje. I KPA (på side 19, om Idrettsanlegg) er det stilt krav om støyanalyse for området ved regulering. Og det er stilt krav om at ein tek omsyn til dei kulturelle verdiane ved regulering, sjå figur 6 og 7 under.



Figur 5 viser KPA for området

§ 3.10 Bevaring av kulturmiljø - H570 (pbl. § 11-8 bokstav d)
Retningslinjer: Innenfor områder angitt som hensynssone H570 – skal det føres en streng dispensasjonspraksis, og en må ta hensyn til kulturelle verdiene ved eventuell område- og detaljregulering. Disse områdene har stort potensial for nye funn. Det er viktig å opprette den visuelle opplevingen av landskapet.
Bestemmelser: Søknader om tiltak (unntatt deling av grunneiendom og bruksendring) skal forelegges regional kulturminnemyndighet for uttalelse.

Figur 6 viser utsnitt av føresegnene i KPA

H570-1	Kulturlandskapsområde Kvernes	Området med kulturhistorisk høy nasjonal verdi. Innenfor området finnes stavkirke, et større gravfelt, bydemuseum, og nyere kirke. Kulturlandskapet er en helhet basert på stedet i seg selv og dets forhold til fjorden og fjellet.
--------	----------------------------------	--

Figur 7 viser omtale av H570 1 i KPA

Vidare stiller føresegn §1.7 i KPA krav om at kapasiteten på offentlig infrastruktur (veg, vatn, avløp og elektrisitet) skal vurderast i planarbeidet, og at eventuelle behov for utbetringar skal resultere i rekkjefølgjekrav i ny reguleringsplan. Føresegn §1.9 stiller krav om at planar skal utarbeidast i samsvar med T-1442 (Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging). I KPA var det utarbeida KU for den utvida skytebana, sjå figur under.

Tema	Konsekvens	Forklaring, (kunnskapsgrunnlag), usikkerheter
Forurensning		Det er ingen kjente luft, stråling eller grunnforurensning i området.
Støy		Nødvendig å foreta støykartlegging.
Sikring av jordressurser		Myr, skog av høy bonitet.
Naturmangfold		Ingen registrerte verneområder, truede rødlistearter eller utvalgte naturtyper.
Kulturminner og kulturmiljø		Ingen kjente automatisk fredete kulturminner og SEFRAK-registrerte bygg i området. Ifølge fylkeskommunens kulturavdeling har området høy potensiale for nye funn.
Nærmiljø, grønnstruktur og friluftsliv		Ingen konflikt med friluftsliv-interesser.
Barn og unges interesser		Ingen konflikt med barn og unges interesser.
Teknisk infrastruktur		Adkomst via privatvei.
Samfunnssikkerhet, risiko og sårbarhet		Ingen fare for snø-, steinskred eller flom.
Forholdet til strategi for fremtidig arealbruk		I samsvar med strategi.
Samlet vurdering og eventuelle alternativer: Avgrensning i nordvest skal tilpasses til avgrensning av areal som er registrert som dyrkbar jord. Ny anlegg skal plasseres lengre vest. Arkeologiske undersøkelser kan bli påkrevd ved behandling av byggesak etter nærmere vurdering.		
Konklusjon: Tas til følge.		

Figur 8 viser KU for området i KPA

I figur 6 er det konkludert med at ei utviding har små (gule), eller positive/uproblematiske (grøne) konsekvensar, men at ein må vurdere kapasiteten på vegen, ta omsyn til kulturmiljøet og foreta ei støykartlegging. I samla vurdering er det stilt krav om at framtidige tiltak skal ligge utanfor dyrkbart areal.

1.3.2 UTGREIINGAR I SAMBAND MED TIDLEGARE DISPENSASJONSSØKNAD

Før det vart bestemt at ein skulle utarbeide ein reguleringsplan for skytebana, vart det søkt om dispensasjon frå kommuneplanen for å få utvida og oppgradert anlegget. I dispensasjonsprosessen

vart støyforholda, grunnforhold og anna naturfare utgreia. Rieber Prosjekt AS har utarbeida ein plan for ombygging og støydemping av Kvernes Skytterbane i 2020 (vedlegg 6), som med små justeringar ligg til grunn for reguleringsplanen. Aeb AS har utarbeida ein rapport i 2021, der flaumfare og grunnforhold ved skytebana er vurdert (vedlegg 7). Fylkeskommunen gjennomførte synfaring innanfor eit del-areal av planen, der dei meinte det var potensiale for funn av kulturminne.

1.3.3 FØRINGAR FRÅ OPPSTARTMØTET

Kommunen peikar på generelle krav til reguleringsplanar, og minner om at det skal utarbeidast ROS-analyse, og at konklusjonane skal bakast inn i føresegnene til planen. Kommunen er også positiv til at plangrensa kan overskride avsett areal i KPA, sidan Rieber AS sin skisseplan viser leirduebane utover SB-1 (eksisterande skytebane) i KPA.

1.3.4 ANNA RELEVANT LOVVERK

Våpenforskrifta (Forskrift om våpen, skytevåpen, våpendeler og ammunisjon, 2021) Kapittel 8 listar krav for planlegging av skytebaner, og §8-3 stiller m. a. krav om at baner skal godkjennast av politiet før etablering.

1.4 PLANEN SITT FORHOLD TIL FORSKRIFT OM KONSEKVENsutGREIINGAR

Vurderinga av om planen kan få vesentlege verknader, -og det dermed skal utarbeidast planprogram eller konsekvensutgreiing etter plan og bygningslova § 4-1 og 4-2, skal gjennomførast i samsvar med *Forskrift om konsekvensutredninger* (heretter forskrifta).

§ 6 b i forskrifta: Tiltaket er vist i KPA, med tilhøyrande KU, og utløyser ikkje krav om KU eller melding/planprogram.

§ 8 og § 10 i forskrifta: Planområdet ligg i eit verdifullt kulturmiljø (H570_1 i KPA), men tiltaket er utgreia i KPA, og fylkeskommunen har gjennomført synfaring. Planarbeidet utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing.

2 UTGREIINGAR OG LØYSINGAR I PLANEN

I dette kapittelet går vi først gjennom tidlegare utgreiingar, inkludert ROS-analysen, kulturminneregistreringar og situasjonsplanen, og listar føringar frå desse. Vidare drøftar vi andre relevante problemstillingar, og konsekvensar dei får for plankartet og føresegnene.

2.1 KONKLUSJONAR FRÅ TIDLEGARE UTGREIINGAR

Vedlegg 6 og 7 er tidlegare utarbeida rapportar som utgreier støyforholda og naturfare i planområdet.

AEB AS utgreia naturfare (jfr. Pbl § 28-1) i sin rapport. Det vart teke prøvar av grunnen og gjort visuelle vurderingar i terrenget med tanke på å vurdere flaumfare ved klimaendringar, skredfare og radonproblematikk. Konklusjonen var at oppgradering av skytebanene ikkje medfører nokon form for naturfare.

Rieber Prosjekt AS (RPR) utarbeida ein plan for oppgradert skytebane-anlegg, som også skulle redusere støyen. Rapporten var utarbeida i 2020, og på grunnlag av T-1442/2016 (*Retningslinjer for behandling av støy i arealplanleggingen*). T-1442 er oppdatert i 2021, men

grenseverdiane i Tabell 1 er ikkje endra i den nyaste versjonen av T-1442. Rapporten konkluderer med at flytting skyteretningane i retning Røsshauget, resulterer i at bustadbygga på Kvernes kjem utanfor gul støysone.

RPS sin rapport omhandlar også tryggleiken ved skytebanene, som då rapporten var utarbeida var regulert av *Forskrifter om anlegg av, kontroll med og godkjenning av sivile skytebaner av 1. juli 1988*. Denne forskrifta er no oppheva, og erstatta av *Forskrift om våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon (våpenforskrifta)* frå 01.06.2021. Planer for nyanlegg, ombygging eller utviding skal vere godkjend av politiet i følgje § 8-3 i den gjeldande forskrifta.

RPR konkluderer i sin rapport med at flytting av banene gir vesentleg mindre støy til omgjevnadane, - sjølv om det vert skote meir enn i dag.

2.2 SITUASJONSPLAN FOR SKYTEBANENE, UTEOMRÅDA OG UTVIDING AV KLUBBHUSET

Drøftingar i skyttarlaget har resultert i ønske om ei anna plasseringa av riflebana og leirduebana enn




Fig. 9, Situasjonsplan for anlegget (vedlegg 1)

gapahuk, leikeapparat og liknande.

Situasjonsplanen viser gangveg fram til dei nye standplassane. Ved behov skal det tillast køyring på gangvegen.

2.2.1 LØYSING I PLANEN OG FØRESEGNENE

Plankartet skal vise vegar, parkering, rekreasjonsområde og utviding av klubbhuset i samsvar med

den Rieber Prosjekt AS viste (vedlegg 6). Skyttarlaget ønskjer å samle blinkane, slik at alle blinkane/skyteretningane endar opp nærare kvarandre. Vidare ønskjer dei å flytte riflebana vekk frå ytterkanten av skytebanene og turvegen, og altså snu skyteretninga (også på denne bana) rett mot Røsshauget.

Ei slik plassering gir betre tryggleik for omgjevnadane, og vegetasjon og terrenngformasjonar reduserer støyen ytterlegare i forhold til Rieber Prosjekt AS si berekning av støy mot bustadane på Kvernes. Derfor er det utarbeida ein ny situasjonsplan (sjå figur 9).

Vidare viser situasjonsplanen areal for utviding av klubbhuset for å få plass til planlagd innandørs skytebane. Utvidinga er tenkt mot nord og vest, utover areal som i dag er grusplass.

Parkeringsplassen ved klubbhuset og avkøyrsla til skytebanen er strukturert, og ved klubbhuset (og turvegen) er det sett av eit rekreasjons-areal der skyttarlaget tenkjer å opparbeide grillplass,

situasjonsplanen. Sjølve skytebanene, og tilhørende standplassar og blinkar skal visast med formålet skytebane (sjå også kapittel 2.4 og 2.13).

2.3 KONKLUSJONAR FRÅ ROS-ANALYSEN

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal si sjekklister for ROS er gjennomgått (vedlegg 2), og viser at realisering av planen ikkje medfører særskilt risiko for helse, miljø eller samfunnsfunksjonar.

2.4 KULTURMINNEREGISTRERINGAR OG OMSYN TIL KVERNES KULTUROMRÅDE

Skytebana ligg nær Kvernes kulturområde, som Kulturminneplan for Averøy (2019-2030) omtalar slik: *mange særegne elementer, viser stor tidsdybde. Er utvalgt som Averøy kommunes tusenårssted og stoppested for den nylig etablerte kystpilgrimsleia.* Innanfor dette området er det mellom anna ei stavkyrkje omlag 1 km frå skytebana, og mange gravrøyser 100-400 meter nordaust for klubbhuset. Når ein tek av frå fylkesvegen mot skytebana, passerer ein Gamle Kvernes Bygdemuseum.

Det er også vist eit freda veganlegg langs turvegen i aust (sjå figur under), og dette kulturminnet er avgrensa med ei sikringsone i Askeladden. Men det er over 250 meter, -og tett skog (sjå fig. 3) mellom standplassar/blinkar og dette veganlegget. Vidare er eit område med 72 mindre røyser og 2 tufter avgrensa nord for skytebana, men desse vert heller ikkje fysisk påverka av planen.




Fig. 10 viser freda veganlegg aust for skytebana

Støyforholda er utgreia i vedlegg 6 til planen, og med flytting av banene som vist på situasjonsplanen vil gravrøysene og det freda veganlegget kome utanfor gul støysone.

Kulturminneavdelinga ved fylkeskommunen gjennomførte kulturminneregistreringar våren 2024, og registreringa resulterte i 3 funn innanfor plangrensa, sjå vedlagde rapport (vedlegg 8).

2.4.1 LØYSING I PLANEN OG FØRESEGNENE

Plankartet viser 3 omsynssoner (H730), bandlegging etter lov om kulturminne. Føresegnene lister restriksjonar for areala innanfor bandleggingssonene.

2.5 OMSYN TIL FRILUFTSINTERESSER

Skytebana og planområdet inngår i FRIDA-registrert friluftsområde, og vegen til skytebana er også ein viktig inngangsport til turområdet.




Fig. 11 Data FRIDA-registrering frå 1996



Figur 12 viser **Kvernes kulturområde – en rundtur**, som ligg inntil 250 meter frå skytebana. Kjelde: www.morotur.no

Turområdet ved skytebana er noko påverka av støy frå skytinga. Målet med planen er å separere skytebanene for å kunne arrangere skytestemner på kortare tid, og realisering av planen vil dermed (tidsmessig) redusere støybelastninga på turområdet, medan mengda støy vert auka. Rieber Prosjekt si støyutgreiing dokumenterer at *gul støysone over turområda vert redusert som følgje av planen*.

Rieber Prosjekt AS sin rapport anbefalte at ny riflebane skulle leggest parallelt med turvegen mot Moldtuva. Skyttarlaget ønskjer å vinkle ny riflebane med skyteretning som dei andre banene, då dette er tryggare for omgjevnadane.

Uteområdet som skal opparbeidast ved parkeringsplassen skal også vere ope for passerande/turgåarar. Dermed vil planen betre forholda for friluftinteressene.

2.6 STØYFORHOLD, OG OMSYN TIL NABOAR

Vedlagd støyrapport (Vedlegg 6) var utarbeida i 2020, og på grunnlag av T-1442/2016. T-1442 er oppdatert i 2021, men grenseverdiane i Tabell 1 og 2 er ikkje endra i den nyaste versjonen. Endringane mellom versjonane (relatert til denne planen) omhandlar grenser for auka støy (2 eller 3 dB) som utløyser krav om bøtande tiltak.

På figurane under, er situasjonsplanen som låg til grunn for støyberekninga (heretter S1) vist til venstre. Den endelege situasjonsplanen (Vedlegg 1) er vist til høgre.




Fig 13: Situasjonsplanen som låg til grunn for støyberekninga (S1)




Fig. 14 Situasjonsplanen som ligg til grunn for planforslaget

Endringane mellom S1 til Vedlegg 1 består av:

- På S1 er «ny leirduebane» vist lengst aust på planområdet, med skyteretning rundt dei eksisterande blinkane for riflebanene. På Vedlegg 1 er leirduebana flytta lengst vest på planområdet, med skyteretning rett mot Røsshaugen.
- «100 meter riflebane» (ny) er flytta frå ei plassering om lag parallelt med turvegen på S1, til parallelt med dagens riflebaner, men **vest** for dagens baner, mot Røsshaugen.

Konsekvensane av ny situasjonsplan og reguleringsplanen (relatert til støy)

Terrengforholda (=Røsshaugen) ilag med skyteretningane medfører at støy mot bustadane og turområda vert redusert med ny plassering fordi:

- Leirduebana ligg mykje lenger vest, og peikar no mot ei «dølp» i Røsshaugen. Terrengformasjonane hindrar støyen frå haglene i retning bustadane betre på Vedlegg 1, enn på

S1. Støyen frå leirduebana er også redusert i forhold til eksisterande leirduebane, som ligg lenger aust.

- Riflebana på Vedlegg 1 ligg parallelt med dei andre riflebanene, **men lenger vest**. Dermed vil støyen frå den nye bana blir lågare enn på dei andre riflebanene. Dette går også fram av støysonekarta i Vedlegg 6, der den austlegaste bana genererer mest støy mot bustadane.
- Effekten av støy frå 3 baner (dersom alle riflebanene er i bruk) vert noko større enn frå 2 riflebaner. Men den vert uansett ikkje så stor som to riflebaner + ei leirduebane med plassering som vist i S1.
- Noko av bakgrunnen for at skyteanlegget skal oppgraderast, er at skytestemna kan arrangerast på kortare tid, slik at lengda på støyperiodane vert redusert med dei nye banene.
- Turvegane får mindre støybelastning med S2, kontra Vedlegg 1, sidan skyteretningane er vinkla vekk frå turområda.
- I tillegg poengterer Rieber Prosjekt AS i kap. 4.1. i sin rapport at vegetasjon ikkje er inkludert i deira berekning, sidan den kan bli fjerna. I føresegnene til denne planen, er det stilt krav om at vegetasjon rundt Ilvollelva skal vernast (bortsett frå høge tre i siktretninga), sjå neste kapittel. Det er om lag 10 – 15 meter høgdeforskjell mellom LNA-feltet langs Ilvollelva og standplassane, og lauvskogen vil etter nokre år redusere støyspreiinga vesentleg i forhold til det som er berekna i støyrapporten.
- Skyttarlaget har starta opparbeidinga av ny 100-m bane, og dei har planlagt støyreducerande tiltak på standplass, i samsvar med Det Frivillige Skyttervesen sin vegleiar for demping av støy frå standplass. Dette vil også bidra til redusert støy mot bustadane.

T-1442 stiller krav om bøtande tiltak, dersom endringa medfører *merkbar auka* støybelastning (over 2/3 dB), eller støyen er over grenseverdiane i tab. 2 i T-1442.

Baneanlegget i denne planen vil medføre mindre støy mot bustadane og turområda enn dagens situasjon, og mindre støy enn i S1.

2.7 OMSYN TIL BIOTOPAR, VASSDRAG OG NATURVERDIAR

Det er ikkje gjort registreringar av svartelista eller sjeldne artar innanfor utbyggings-områda (Naturbase/Gislink). Skytebanene ligg i utkanten av eit område med middels naturverdi/beiteområde for elg.


Ilvollelva renn i eit markert søkk i terrenget, og mellom standplass og blinkar på skytebanene. Det er 10 – 15 meter høgdeforskjell mellom nivået til elva og standplassar/blinkar. Planen vidarefører prinsippet om at standplass er nord for elva, og blinkane sør for elva. Vasstrengen vert ikkje påverka av anlegget i dag, -bortsett frå eksisterande traktorveg fram mot blinkane. Planen vil ikkje medføre nye inngrep i elva, men skyttarlaget har behov for å rydde vegetasjon langs skyteretningane.

2.7.1 LØYSING I PLANEN OG FØRESEGNENE

Elva + 2 x 10 meter er vist som naturformål av LNFR i planen, med føresegner som forbyr inngrep i elvestrengen, men som opnar opp for å rydde høg kantvegetasjon med tanke på siktforhold mellom standplassar og blinkar.

Føresegnene stiller også krav om at anleggsutstyr skal vaskast før det vert frakta til planområdet, og krav til prosedyre ved funn av forureina massar eller framande artar.

2.8 OMSYN TIL LANDBRUKSVERDIAR



Figur 15 viser dyrkbar jord (Nibio) med skravur.

Kommuneplanen stilte krav om at anlegget skal etablerast utanfor dyrkbar jord i KPA (sjå kapittel 2). Figur 15 viser dyrkbar jord frå NIBIO sine kart og planlagde tiltak/skyteretningar innanfor planområdet. Standplass for leirduebane og riflebane med gangvegar fram til standplassane ligg i utkanten av dyrkbart areal, og beslaglegg om lag 1,7 Daa. Blinken på den nye riflebana vil kome utanom dyrkbart areal. Leirduebana har ikkje blink. Det er gjort funn av automatisk freda kulturminne innanfor det dyrkbare arealet og innanfor sona for leirduebana.

Planen medfører nedbygging av dyrkbart areal, men den viste løysinga er vald fordi den medfører at arrangement kan gjennomførast på kortare tid, når det kan skytast frå fleire baner samtidig. Dei samfunnsmessige fordelane med tidsmessig redusert støy er større enn ulempa med at 1,7 Daa dyrkbart areal vert nedbygd ved

gangvegen/standplass for leirduebana). Skyttarlaget leiger grunnen til banene, og grunneigar kan ta ut skog innanfor planområdet i samråd med skyttarlaget.

2.9 UNIVERSELL UTFORMING

Krav til universell utforming i plan og bygningslova og TEK påverkar mellom anna stigningsforhold på gangvegar. Desse skal helst ikkje ha større stigning enn 1:20. For kortare strekning inntil 3,0 m kan stigninga vere maksimalt 1:12, og det skal opparbeidast kvileplan for kva 0,6 meter stigning. Dersom terrenget er for bratt til at kravet om stigning på 1:20 kan oppfyllest, skal stigninga vere maksimum 1:10. I tillegg skal fri breidde på tilkomst vere minimum 1,8 m, og tverrfall skal vere maks. 2 %.

Terrenget er relativt flatt fram mot standplassane og rundt klubbhuset. På friluftsområdet må fasilitetane plasserast litt strategisk, men grillplass og gapahuk kan opparbeidast med universell utforma tilkomst. Alle gangvegane er viste med minimum 2 meters breidde.

2.9.1 LØYSING I PLANEN OG FØRESEGNENE

Føresegnene stiller krav til at klubbhuset, tilkomst til standplassane, grillplass og gapahuk skal ha tilkomst med universell utforming i samsvar med krava til universell utforming i TEK.

2.10 TRAFIKKTRYGGLEIK, KAPASITET OG STANDARD PÅ TILKOMSTVEGEN

Gamle Kvernes Bygdemuseum og skytebana har felles avkøyrsla frå Kvernesveien. På Kvernesveien er det 80-sone forbi avkøyrsla til skytebana og museet, men det er minimum 350 meter fri sikt i begge retningar i avkøyrsla, sjå figur under.



Fig. 16 viser avkøyrsla frå Kvernesveien mot skytebana og museet midt i bildet (Kjelde: Google)

I følge Torstein Skarset (leiar i skyttarlaget) vert det arrangert om lag 4-6 stemner årleg på skytebana, der det kjem om lag 10-15 bilar. Så er det trening 3-4 dagar i veka i sommarhalvåret, og ein gong i veka om vinteren, der det kjem inntil 10 bilar til kvar trening.

Grusvegen opp til skytebana er ein skogsveg, og om lag 3,5 meter brei, 850 meter lang, og endar opp i ein parkeringsplass ved klubbhuset. Veggen har ei stigning på opptil 12 % på det brattaste, men med relativt strak veg. Grusvegen til skytebana inngår også i turvegnettet på Kvernes, men farten på ein grusveg er liten, og veggen er brei nok til at gåande kjenner seg trygge.

Oppgradering av skytebanene skal legge til rette for at stemner kan arrangerast på kortare tid, men planen medfører ikkje auka trafikk til og frå skytebana. Eksisterande bane, eller oppgradering av skytebana utfordrar ikkje kapasiteten til grusvegen eller fylkesvegen, og representerer heller ikkje trafikkfare.

2.10.1 LØYSING I PLANEN OG FØRESEGNENE

Mot avkøyringa frå parkeringsplassen er det vist frisisiktsone på 4 meter x 45 meter, tilsvarande det som er kravet for gate med 50 km/t i tabell 4.1.1.6-2 og 3 i N100. Føresegn til omsynssona forbyr sikthinder i frisisiktsona.

2.11 TEKNISK INFRASTRUKTUR, SLØKKEVATN

Veggen til skytebanen er privat. Det er trekt fram straum og vatn til klubbhuset, og etablert WC med tett tank. Det er renovasjonsplass ved fylkesvegen. Kapasiteten på veg, vatn, avløp og elektrisitet er tilfredsstillande i dag, og kapasiteten vert ikkje endra eller utfordra som resultat av planen. Lagshuset er tilknytt Indre Averøya vannverk SA. Trykket på vassleidningen er ikkje målt, men i følge Torstein Skarset er det litt svakt trykk. Risikoen for brann ved anlegget er ikkje høg, og anlegget er ikkje særskilt sårbart ved brann.


2.12 ESTETIKK

Det er ikkje innsyn til skytebana frå naboar eller turområda, men passerande ved avkøyrsla /parkeringsplassen og besøkande til anlegget vil få eit inntrykk av arkitekturen. Eksisterande klubbhus har mørk jordfarge, og rustraud takstein (sjå figur 4). Nye standplassar bør leggjast lågt i terrenget, og ha ikkje reflekterande overflater, med jordfargar på kledning og tak.

2.12.1 LØYSING I PLANEN OG FØRESEGNENE

Føresegnene stiller krav om at konstruksjonar skal ha ikkje-reflekterande overflater, og eventuelt overflatebehandlast med jordfargar.

2.13 FLEKSIBILITET I PLANEN OG FRAMTIDIGE BEHOV



Figur 17 viser planlagde anlegg, med ei buffersone.

Planar om bygging og endring av skytebaner skal godkjennast av politiet (jf. *Forskrift om våpen, skytevåpen, våpendelar og ammunisjon, §8-3*). Mindre endringar, -eller justeringar av baner og tilhøyrande anlegg burde kunne gjennomførast utan at reguleringsplanen må endrast, når verknadane er drøfta i tidlegare plan. Det er derfor formålstenleg å regulere store delar av planarealet til *skyttebane*, utan å detaljere idrettsanlegget i planen. Og med tanke på seinare behov for utvidingar eller endring av banene, er det fornuftig å behalde ei buffersone i planen, -kring dei anlegga som dekker dagens behov, men innanfor arealet avsett til skytebane i KPA.

2.13.1 LØYSING I PLANEN OG FØRESEGNENE

Plankartet viser tilkomstveg, parkering og areal til utviding av klubbhuset i samsvar med situasjonsplanen. Sjølve skytebanene med ei

buffersone, og tilhøyrande standplassar/blinkar er viste med formålet *skyttebane*. Areal til friluftsliv/nærmiljøanlegg mellom klubbhuset og tilkomstvegen er regulert til friluftsførmål.

2.14 AVGRENSING AV PLANEN OG EIGEDOMAR SOM INNGÅR

Plangrense er vist på vedlagt plankart, og omfattar areal til planlagde skytebaner, med tillegg av ei buffersone. Buffersona utgjer om lag 20 meter på sidene (i tillegg til tryggleikssoner), og 75 meter tillegg til forventa skyte-lengde.

Planarealet er mindre enn areala som er avsett i KPA, men overskrid arealet i KPA med 1 167 m² i nord/vest (standplass for leirduebane).

Planen ligg innanfor gnr./bnr. 22/90, og gnr./bnr./fnr. 22/1/2. Planarealet er i privat eige, men skyttarlaget har ei tinglyst leigeavtale, og grunneigarane er positive til utviding av anlegget.

2.15 AREALDISPONERINGAR I PLANEN

I tabellen under er arealdisponeringa i planen vist.

Planformål	Feltnamn	Areal (m ²)
Skytebane	BSK 1 til 3	95 186
Andre idrettsanlegg, klubbhus	BAI	952

Veg	SV	1 676
Gangveg (køyrbar)	GS	733
Annan veggrunn (grøntareal)	AVG	112
Parkering	SPA 1 til 3	452
Naturformål av NLFR	LNA 1 og 2	6 302
Friluftformål	LF	3 545
Totalt planareal		108 474

Fig. 18: Tabellen over presenterer arealdisponeringa i planen.

3 VERKNADER AV PLANEN

Planen regulerer i all hovudsak eksisterande anlegg, men skal legge til rette for nokre endringar. Dette gjeld flytta leirduebane, og (køyrbar) gangveg fram til standplass. Så viser planen ny riflebane (100 m) med ny standplass og gangveg fram. Riflebana skal og ha blink på sørsida av Ilvollelva. Så viser planen areal for ei utviding av klubbhuset, mellom anna for å få plass til innandørs skytebane. Og det er vist friluftformål der det er planlagt gapahuk med grillplass ved tilkomstvegen.

Vidare i dokumentet går vi gjennom verknadane av ei realisering av planen.

3.1 VERKNADANE FOR KULTURMINNEVERDIAR

Kulturminneavdelinga har gjort funn innanfor plangrensa, men ingen av funna vert berørt (endra/skada/arrondert) av planen.

3.2 VERKNADER FOR BORN OG UNGE, NABOAR OG NÆRMILJØET PÅ KVERNES

Oppgraderinga av skytebana vert gjort for å kunne skyte parallelt på fleire baner, og dermed få korta ned varigheita på skytestemna og treningane. Periodane med støy vert kortare enn før, men med

høgare intensitet. I tillegg dokumenterer Rieber Prosjekt AS sin rapport (vedlegg 6) at med justerte skyteretningar som vist i planen, kjem nærliggande bustadar *utanfor gul sone* i støyanalysen. Støyen vert også redusert på den gamle kyrkjevegen (/turveg) mot aust.

Ein kan forvente at lokalbefolkninga set pris på ein ny grillpass/rekreasjonsområdet som skal opparbeidast ved skytebana. Born og unge sine interesser er ikkje påverka av planen, bortsett frå at ungar truleg vil like seg på friluftsområdet.

3.3 VERKNADER PÅ NATURMANGFALD OG NATURVERDIAR

Det er ingen registreringar av særskilt verdifulle naturtypar, uønskte eller sjeldne artar innanfor planområdet.

Planen viser 2 x 10 meter *naturformål* av LNF langs Ilvollelva, og det er minimum 35 meter mellom elva og nye (og eksisterande) standplassar. Planen medfører ikkje inngrep i, eller nær elva. Det er opna for å rydde høg vegetasjon innanfor *naturformål*. Fisk eller ferskvassorganismar sine leveområde vert ikkje påverka av planen.

Planen viser ingen tiltak på myrareal. Ny leirduebane har skyteretning mot eit myrlendt område, men hagl er ikkje lenger giftige.

Planen har ikkje vesentlege verknader for naturmangfald eller naturverdiar.

3.3.1 NATURMANGFALDLOVA KAPITTEL 2, §§ 8-12

Vi har vurdert planen og en realisering av den opp mot Naturmangfaldlova kapittel 2, §§ 8-12:

§8: Det er ingen registreringar av sjeldne eller uønskte arter innanfor planarealet på www.naturbase.no. Eller i GisLink si kartsamling. Kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg med tanke på at planen skal legge til rette for relativt små inngrep i naturen.

§9: Det er ikkje risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet.

§10: Den samla belastninga på økosystemet er svært liten i denne plansaka, sidan berre små areal skal arronderast. Utbygginga vil ikkje belaste vassdrag eller andre verdifulle økosystem.

§11: Det vil ikkje verte behov for å dekke kostnader, anna enn at tiltakshavar må koste vask av anleggsutstyr som eit førebyggjande tiltak for å hindre spreiding av forureina massar.

§12: Det er stilt krav om vasking av anleggsutstyr, og varsling dersom det dukkar opp uønskte artar eller forureina massar.

3.4 VERKNADANE FOR KLIMA OG MILJØ

Ei realisering av planen vil ikkje påverke klima eller miljø.

3.5 PLANEN SITT FORHOLD TIL INNSPEL OG FØRINGAR

Planen er utarbeida i samsvar med kommunen sine ønskjer i oppstartsmøtet og kommuneplanen sin arealdel. Vidare i dette kapittelet presenterer vi ein forkorta versjon av innspela vi fekk etter at vi melde oppstart av planarbeidet. Kopi av komplette innspel er presentert i vedlegg 5.

Innspel til planarbeidet	Forslagsstillar sin kommentar
Statens vegvesen, 09.09.2023: Har ingen merknader så lenge planen er i samsvar med KPA.	Planen er utarbeida i samsvar med kommuneplanen.
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, 15.05.23: Det går fleire stiar i området, og forholdet til friluftslivet må bli avklart i planarbeidet, slik at det er trygt og føreseieleg for folk å ferdast i området. Naturmangfaldslova § 7 skal legge prinsippa i §§ 8-12 til grunn som retningsliner ved utøving av offentlig mynd. Det må difor gå klart fram av planomtale korleis desse prinsippa er tatt omsyn til og vektlagt i vurderinga av saka. Under anleggsarbeid eller anna verksemd i planområdet skal det visast aktsemd for å unngå mogleg skade på artar, naturtypar og økosystem, jf. Lov om forvaltning av naturens mangfald.	I planen er alle skyteretningane samla, siktepunkt bort frå turområda, og tryggleiken er god. Støyberekningane (vedlegg 6) viser og at støyen vert redusert frå den oppgraderte bana, og periodane med støy vert kortare. Dette er drøfta i kapittel 3. Føresegnene stiller krav om varsling/stopp i arbeidet dersom det dukkar opp forureina massar. Det er og stilt krav om vasking av anleggsutstyr før maskiner vert frakta inn i området.

<p>Massehandtering skal ikkje bidra til at framande artar blir innført til, eller spreidd i området.</p> <p>I følge vassressurslova § 11 skal det langs vassdraga sikrast eit naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad for planter og dyr langs elvebreidda.</p> <p>Bevaring av intakte myrareal er viktig for å redusere klimagassutsleppa.</p> <p>Statsforvaltaren viser til gjeldande føringar for støy (T-1442, M-2062, M-128). Rieber Prosjekt AS har 24.mai 2020 utarbeidd ei støyfagleg utgreiing som ligg ved varsel om oppstart. Anlegget er behandla som eit mindre anlegg, og det er difor brukt nemning LAFmax. For at vi ved offentleg ettersyn skal kunne danne oss eit bilde av aktiviteten på anlegget, så ønskjer vi at grunnlagsdata for støyutgreiinga følgjer med ved høyring. (Opplysningar om dagens og framtidig aktivitet gjer at vi kan etterprøve at dette faktisk er, og blir værande, eit mindre anlegg.)</p> <p>Kommunen bør sørge for støykrav i føresegnene, der dei anbefalte støynivåa bør ligge til grunn, jf. støyretteleiren pkt. 7.7. Kommunen kan også gjennom bruk av pbl. § 12-7 gje føresegnar om driftstid. Aktuelle avklaringar er dagar/kveld per veke, timar per dag, når på kvelden, aktivitet helg/ferieperioder. Naudsynte avbøtande tiltak må forankrast i plana.</p> <p>Vi minner om plan og bygningslova sin § 4-3 som slår fast at det må gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet.</p>	<p>Verken Ilvollelva eller nærområdet vert berørt / arrondert som resultat av planen. Leirduebana går over elva, men ammunisjonen er ikkje giftig (lenger). På plankartet er elva og ei buffersone på 2 x 10 meter vist som <i>naturformål</i>.</p> <p>Planen legg til rette for små inngrep, og ingen av dei på myrareal.</p> <p>Rieber Prosjekt AS sin rapport og Grunnlagsmaterialet er vedlagt planen.</p> <p>Vedlagde støyrapport, og drøftingane i denne planomtala dokumenterer at alle bustadar ligg utanfor gul støysone. Vidare er det dokumentert at turvegane får mindre støybelastning enn før. Det er ikkje hensiktsmessig å legge ytterlegare føringar for bruken av bana, enn krava frå politiet, - som har mynde til å godkjenne driftsplanar ved skytebaner.</p> <p>Sjå vedlegg 2.</p>
<p>Møre og Romsdal fylkeskommune, 22.05.23: Ber om vurderingar angående verknader for friluftslivet, også med tanke på tryggleik.</p> <p>Poengterer at ein må vurdere planen opp mot Naturmangfaldlova, §§8-12.</p> <p>Minner om at det må visast vegetasjonsbelte langs Ilvollelva.</p> <p>Trafikktryggleik og mengde trafikk/ tryggleik i avkøyrsla mot fylkesvegen må vurderast i omtala.</p>	<p>Kapittel 2 og 3 dokumenterer at kvaliteten på turområda ikkje vert reduserte som følge av planen, og at tryggleiken vert god.</p> <p>Forholdet til Naturmangfaldlova er vurdert.</p> <p>Planen viser naturformål (2 x 10 m) langs elva.</p> <p>Avkøyrsla, kapasiteten og tryggleiken i avkøyrsla er omtalt i kapittel 2.</p>

Varslar at det må gjennomførast arkeologiske registreringar i planområdet, då det har potensiale for funn av automatisk freda kulturminne.	Konklusjonane frå registreringa er omtalt i kapittel 2.
--	---

4 OPPSUMMERING

Planen viser i grove trekk eksisterande situasjon, og legg til rette for små bygningsmessige anlegg, og svært lite fysiske inngrep i naturen. Men for skyttarlaget er det viktig å få strukturert banene, slik at arrangementa kan gjennomførast på ein «kort» dag. Friluftarealet ved vegen, vil bidra til at skyttarane og turgåarar får eit nytt rekreasjonsområde.

Planen er utarbeida i samsvar med kommunen sine krav i oppstartsmøtet og innspel til planarbeidet.